



Liv Hodneland
Hodneland 93
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1558 - 16/14918

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.06.2016

Registrert lekkasje på slamavskiljar - gbnr 40/7 Hodne.

Lindås kommune har 10.05.2016 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport om at det er lekkasje på slamavskiljaren på eigedomen gbnr 40/7.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Skaden må reparerast, eventuelt må slamavskiljaren skiftast ut.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget på eigedomen. Vi ber difor om tilbakemelding på kor stor slamavskiljaren er, type slamavskiljar (plast/betong) og kor utsleppet frå slamavskiljaren vert ført (terreng, sandfilteranlegg eller anna,) før vi vurderer om det er naudsynt å setja ytterlegare krav om oppgradering av avlaupsanlegget på eigedomen.

Frist for tilbakemelding vert sett til 6. juli 2016. Endeleg avklaring av krav til oppgradering av avlaupsanlegget, med frist for gjennomføring, vert sett når tilbakemelding er motteke.

Tilbakemelding sender du til:

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing



Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Liv Hodneland

Hodneland 93

5957

MYKING